

Arkivsak      200408398-4  
Arkivnr.      111.T41  
Saksh.      Steffner, Rolv

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Fylkesutvalet	23.06.2005

## **HØYRING - ENDRINGAR I REGELVERKET FOR OFFENTLEGE ANSKAFFELSER**

---

### **SAMANDRAG**

Moderniseringssdepartementet inviterte i brev av 6. april 2005 til å kome med merknadar til forslag til ny forskrift om offentlege anskaffelser, og forslag til endring i lov om offentlege anskaffelser og forskrift om klagenemnd.

I brevet sitt seier Moderniseringssdepartementet :

”Utgangspunktet for å revidere regelverket har vært å implementere et nytt innkjøpsdirektiv fra EU, få mer igjen for offentlige ressurser gjennom økt konkuranse om offentlige innkjøp, samt forenkle deler av regelverket og gjøre det mer tilgjengelig for brukerne”

Forslaget inneber heving av den nasjonale terskelverdien for å kunne kjøpe inn utan formkrav (utlysing eller lignende) frå kr 200.000,- ex. mva. til kr 500.000,- ex.mva. På same tid foreslår departementet å innføre protokollplikt for kjøp over kr 50.000,- ex. mva.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at formkrava til kjøp under kr 500.000,- blir reduserte. Men for at dette skal bli ei forenkling, bør ikkje forskriften innføre nye formkrav.

Forslaget inneber også innføring av sanksjonar ved direkte kjøp over terskelverdien med gebyr på inntil 15% av verdien av kjøpet. Det skal ikkje vere adgang til å påklage eit slike vedtak. Fylkesrådmannen meiner det bør vere adgang til å kunne påklage vedtak om gebyr.

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

1. Fylkesutvalet ser det som positivt at den nasjonale terskelverdien vert heva frå kr 200.000 ex. mva. til kr 500.000 ex. mva. Men for at dette skal bli ei forenkling, er det viktig at forskriften ikkje innfører formkrav under den nasjonale terkelverdien. Det bør vere eit ansvar for den einskilde oppdragsgjevar å sikre konkurransen under terkelverdien.

2. Fylkesutvalet meiner regelverket må sikre klageadgang i samband med vedtak om gebyr.

Paul M. Nilsen

Johnny Stiansen

Vedlegg:

Brev av 6.4.2005 frå Moderniseringsdepartementet

## **FYLKESRÅDMANNEN, 15.06.2005:**

Moderniseringsdepartementet inviterte i brev av 6. april 2005 – jamfør vedlegg til saka - mellom anna samtlege fylkeskommunar til å kome med merknadar til høyringsnotat med forslag til ny forskrift om offentlege anskaffelser, samt forslag til endring i lov om offentlege anskaffelser og forskrift om klagenemnd for offentlege anskaffelser.

I brevet sitt seier Moderniseringsdepartementet m.a :

”Utgangspunktet for å revidere regelverket har vært å implementere et nytt innkjøpsdirektiv fra EU, få mer igjen for offentlige ressurser gjennom økt konkuranse om offentlige innkjøp, samt forenkle deler av regelverket og gjøre det mer tilgjengelig for brukerne”

### **Kommentarer til nokre punkt i forslaget til nytt regelverk**

#### **Heving av nasjonal terskelverdi**

Det gjeldande regelverket gir prosedyreregler for korleis kjøp med ein verdi over kr 200.000,- ex. mva. skal handsamast. Mellom anna gjeld det plikt om å lyse ut slike kjøp i DOFFIN-databasen som blir administrert av Norsk Lysingsblad. Utlysinga er eit tiltak for å sikre konkurransen om dei offentlege oppdraga.

Mange offentlege oppdragsgjevarar og leverandørar som gjev tilbod, meiner terskelen på kr 200.000,- er for låg. Reglane medfører kostnader som ikkje står i forhold til verdien av det einskilde kjøpet. Departementet foreslår derfor å heve den nasjonale terskelverdien frå kr 200.000,- ex. mva. til kr 500.000,- ex. mva.

Fylkesrådmannen står dette forslaget.

#### **Reglar under den nasjonale terskelverdien**

På same tid som departementet foreslår å heve den nasjonale terskelverdien til kr 500.000,-, blir det foreslått å innføre protokollplikt for alle kjøp over kr 50.000,-

Fylkesrådmannen meiner protokollplikt er eit godt verkemiddel. Det tvingar alle innkjøparar til å grunngje kvifor ein nyttar ein bestemt framgangsmåte når innkjøpa skal gjerast. Fylkesrådmannen er ikkje i tvil om at protokollplikt fører til auka bruk av konkurransen som verkemiddel. Det vil nomalt gje lågare prisar, og er såleis til fordel for oppdragsgjevarane.

Fylkesrådmannen er likevel skeptisk til at protokollplikt vert pålagt gjennom forskrift. Bruk av protokollar bør vere opp til oppdragsgjevarane (hos oss fylkeskommunen) å fastsetje raglar om. I alle høve er 50.000 kr ei for låg grense for ein fylkeskommune av Hordaland sin storleik.

Når den nasjonale terskelverdien blir heva til kr 500.000,- er det viktig å sikre konkurransen for kjøpa som ligg under denne verdien. Dette kan sikrast ved at den einskilde oppdragsgjevar, til dømes Hordaland fylkeskommune, organiserer innkjøpsarbeidet, og etablerer reglar og prosedyrar som er tilpassa eigen organisasjon.

Fylkesrådmannen meiner at det under den nasjonale terskelverdien ikkje bør gjelda prosedyreregler ut over dei generelle reglane om konkurranse, lik handsaming m.v. Under den nasjonale terskelverdien bør det altså vere eit ansvar for oppdragsgjevar, i vårt tilfelle Hordaland fylkeskommune, å etablere interne reglar og prosedyrar for handsaming av innkjøpa. Desse prosedyrane må sikre at innkjøpsprosessen blir gjennomførd etter forretningsmessige prinsipp, med effektiv ressursbruk, og at både konkurransen og dokumentering av kjøpet vert ivretatt.

## **Sanksjonar**

Departementet foreslår at det vert innført sanksjonsheimel ved såkalla ulovlege direkte anskaffelser – dvs at prosedyrereglane ikkje er følgde. Departementet foreslår at det må ligge føre kvalifisert akløyse, det vil seie grovt akløyse før adgangen til å sanksjonere trer inn. Klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA) vert foreslått som handhevingsorgan. Storleiken på gebyret skal ikkje kunne overstige 15 prosent av verdien av kjøpet, og gebyret er foreslått å skulle tilfalle statskassa. Departementet foreslår vidare at det ikkje skal vere adgang til å påklage vedtak om å ilette gebyr.

Regelverket for offentlige anskaffelser er komplisert. Likevel er det svært viktig at det vert etterlevd for å oppnå tilstrekkeleg konkurranse om innkjøpa. Det vert truleg ikkje skikkeleg alvor før trusselen om at ein kan bli bøtlagt vert innført. Fylkesrådmannen er derfor positiv til forslaget om sanksjonar ved særleg grove overtramp av regelverket, jamvel om det også kan ramme oss.

Men fylkesrådmannen er usamd i at det ikkje skal vere klageadgang etter gebyrvedtak. Klageadgang er det normale i norsk forvaltning.

Departementet grunngjев standpunktet sitt. Grunngjevinga er at departementet meiner domstolane er betre eigna til å behandle klagesakene enn departementet, og at partane truleg har større tillit til prosessen ved ein domstol, enn ved klagehandsaming i departementet. Det vert vidare vist til at omsynet til rettstryggleik talar for at domstolane, og ikkje departementet, håndsamar klagesakene.

Etter fylkesrådmannen sitt syn bør det ligge føre særleg viktige grunnar for å gjere unntak frå hovudregelen om at enkeltvedtak kan pålagast, jf. forvaltningslova § 28. At domstolane har større tillit og integritet enn departementet og at rettstryggleiken ved domstolsbehandling er ivaretatt i større grad enn ved administrativ klagehandsaming, er generelle synspunkt. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at departementet legg på bordet argument som talar for at ein skal gjere unntak for nettopp denne typen saker. Fylkesrådmannen trur også terskelen for å klage vert svært høg om einaste framgangsmåte er å gå til domstolane.

På denne bakgrunn meiner fylkesrådmannen at det bør vere klageadgang.

## **Ettersending**

Etter gjeldande forskrift har oppdragsgjevar plikt til å avvise leverandørar som har unnlatt å innlevere skatteattest og HMS-attest. I alle andre tilfelle av manglande dokumentasjon ”kan” oppdragsgjevar avvise. Etter gjeldande forskrift er det mogleg å be om ettersending ved unnlatt levering av skatteattest og HMS-erklaering. Det er etter gjeldande rett ikkje opna for ettersending av annan informasjon.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at departementet no foreslår å opne generelt for ettersending av all manglande dokumentasjon knytt til forhold ved leverandøren. Ei slik ordning vil utvilsamt gje rom for meir fleksibilitet utan at ein kjem i konflikt med dei overordna prinsippa i lov om offentlege anskaffelser.